



Ole Vidar Monsen er bas for Solfjelløpet og Vegard Aarhun Bergane plar å vinna!

Sundag 16. juni går Solfjelløpet for femte gong og påmelding kan skje elektronisk på nettsida til idrettslaget. Den kjem du inn på ved å trykka til venstre på denne sida. Då får du også ein rabatt på 50 kroner. Her er nokre nøkkelfakta om løpet frå Haugland til toppen på Solfjell:

- * Start i konkurranseklassa klokka 12 med 2,5 kilos sekk
- * Trim og familiestart mellom 10 og 12
- * Også klasse for dei over 90 og miniSolfjell frå Storhaug
- * Natursti for familien med blanda quiz
- * Deltakarmerke for alle som kjem til topps og trekking av premiar på startnummer
- * Premiering for ny løyperekord og for deltaking for femte gong
- * 50 ekstra turpoeng for dei som skriv seg inn på toppen
- * Premiering i kvar klasse og pengepremie til dei 3 beste damer og herrar

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen